

# NYHEITSBREV MAI 2021

Her får du litt nyttig informasjon for frivillige lag, organisasjoner, grupper og arrangement i Ål kommune. Send det gjerne vidare til aktuelle personar i din organisasjon.

## KORONATIDA

- Ny stimuleringsordning for frivilligsektoren er på veg og skal gjelde til 31. august 2021. [Hald deg oppdatert her.](#)
- Ein ny rapport frå frivillig.no visar at mange organisasjonar har opplevd å miste frivillige under pandemien, men dei færreste opplev veldig store fråfall. Det endelege resultatet vil ikkje bli synleg før samfunnet for alvor er i gang igjen og organisasjonane kan gjenoppta normal drift. [Sjå rapporten her](#)

## NYHEITER FRÅ KULTURKONTORET

- Frå og med 18. juni skal eg (Kristine) ha permisjon frå stillinga som kultur- og idrettskonsulent. Det er tilsett ein vikar frå medio august som vil overta mine oppgåver: Anne Nordheim O'Hare
- Det er lyst ut stilling som leiar på Ål Kulturhus med søknadsfrist 30. mai. Sjå [finn.no](#) kode 217628964

## INFO FRÅ FRIVILLIGSENTRALEN

- **Aktivitetar**  
Oversikt over aktivitetar arrangert av frivilligsentralen, finn de på Fritid Hallingdal eller miniavisa «Dørstokkmila», sjå [www.aal.frivilligsentral.no](http://www.aal.frivilligsentral.no)
- **Sjølvhjelpsgrupper**  
Trenng du endring i livet ditt for å meistre kvardagen betre og få auka livskvalitet? Ei sjølvhjelpsgruppe er ei gruppe menneske som møtast jamnleg for å snakke om utfordringane sine og bearbeide vanskelege følelsar og tankar. Målet er å meistre kvardagen betre og få auka livskvalitet. Har du lyst eller kjenner nokon som ønsker å bli med i ei sjølvhjelpsgruppe, ta kontakt på tlf. 90708637. Meir info og oversikt over kontaktpersonar finn du på [nettsida](#).
- **BUA utstyrssentral**  
BUA er open tysdagar og torsdagar kl. 15.00-18.00 kvar veke og i heile sumar. Gratis utlån i maks ei veke. Me har sykklar, hjelmar, sykkelvogn og barnesete til sykkel, telt, hengekøyer, soveposar, liggeunderlag, redningsvest, sekkar, fjellsko, uteklede, frisbeegolf og mykje meir. Fyrstemann til BUA!



Frivillighetens år

I Frivillighetsmeldinga slår Kulturdepartementet fast at 2022 skal vere Frivillighetsår. Det er Frivillighet Norge som koordinerar dette markeringsåret. Me får her ein fantastisk moglegheit til å sette pris på dei frivillige, legge til rette for auka deltaking og inspirere befolkninga til å engasjere seg. Les meir på [www.frivillighetensar.no](http://www.frivillighetensar.no)

## NYE TILLITSVALDE

Mange lag og organisasjonar har gjennomført årsmøter i vår. Dersom det er endringar i kontaktperson, telefonnummer eller e-post adresse ber me om at informasjon om dette vert sendt til [postmottak@aal.kommune.no](mailto:postmottak@aal.kommune.no) slik at me har oppdaterte lister.

## FRITID HALLINGDAL

Mange har allereie sendt inn sine aktivitetar på [Fritid Hallingdal](#) og det er heilt supert! Ål har flest oppføringar av alle kommunene i Hallingdal! Me håpar me kan starte opp igjen med mykje meir aktivitet frå hausten og håpar dei som ikkje endå har registrert sine aktivitetar vil vere med å fylle opp portalen med innhald. Du kan sjølv endre ein aktivitet du har sendt inn tidlegare ved å logge inn.

## IDRETT OG FRILUFTSLIV

- **Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2025 på høyring** – Høyringsfrist 26. mai  
Ny temaplan er lagt ut på høyring med høyringsfrist 26. mai. [Alt du treng finn du her.](#)  
Høyringsutsegn sendast elektronisk via Ål kommune si nettside eller til [postmottak@aal.kommune.no](mailto:postmottak@aal.kommune.no)
- **Ål Idrettshall** – Søknadsfrist 30. mai  
Søknad om treningstid i Ål Idrettshall sendast til [postmottak@aal.kommune.no](mailto:postmottak@aal.kommune.no) innan 30. mai.  
I søknaden skriv du ønska treningsperiode, treningstid, ca. tal på deltakarar og kontaktinfo til ansvarleg trenar/leiar/organisasjon.
- **Spelemidlar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv** – Søknadsfrist 1. september
  - Har du spørsmål eller eit nytt anlegg som skal søke om spelemidlar må du kontakte meg innan 1. juni for å få registrert anlegget i anleggsregisteret.
  - Det kjem nye føresegnar og søknadsportalen opnar i juni. Det finn du i [anleggsregisteret.no](http://anleggsregisteret.no)
  - Du kan få råd og rettleiing frå NTNU når du skal planlegge og bygge nye idrettsanlegg. Dette er eit pilotprosjekt ut 2022. [Meir info finn du på viken si nettside.](#)
- **Årsmøte i Ål Idrettsråd 9. juni, klokka 19:30, Bråta**
  - Innkalling og sakliste er sendt på e-post. Frist for innkomne saker er 30. mai.
  - Alle idrettslag skal velje ein aktuell styrekandidat. Sendast til [ola\\_terje@yahoo.no](mailto:ola_terje@yahoo.no).
  - Påmelding til [kjk@aal.kommune.no](mailto:kjk@aal.kommune.no) – me forheldt oss til gjeldande smittevernsreglar.
- **Ny forskrift kunstgrasbanar**  
Regjeringa har vedteke ny forskrift som vil redusere plastforureininga frå kunstgrasbanar. Den lenge varsla forskrifta trer i kraft 1. juli 2021. [Les meir her.](#)
- **Ny prosjektleiar i Ål Idrettslag**  
Ål idrettslag har engasjert Ola Opheim og Lars S. Tveito for å arbeide med prosjektet som skal lette oppgåvene for undergruppene i idrettslaget. Sponsorarbeid, profilering, nettsider, klubbutvikling, samarbeid og økonomi er viktige oppgåver som skal ivaretakast.



**Friluftslivets veke 4.-12. september** - Bli med å skape landets største friluftsfest!  
Synleggjer ditt lag, verv nye medlemmer, sov ute under *#nattinaturen* laurdag 4. september, og bli med på dugnad for naturen 11.-12. september – ein tur med meining!  
Registrer ditt arrangement på [friluftslivetsuke.no](http://friluftslivetsuke.no) og bli med i trekninga av 5000 kroner.

## TILSKOTSORDNINGAR

Vedlagt finn du ein oversikt over alle tilskotsordningar som eg har klart å finne. Hugs å alltid verifisere søknadsfrist og krav til innhald i søknaden. Treng du hjelp til å planlegge eit prosjekt eller skrive ein søknad kan [www.tverga.no](http://www.tverga.no) vere ein god ressurs.

### Ny tilskotsordning i Viken – Søknadsfrist 1. juni

Tilskotsordninga for inkluderande frivillige møteplassar skal bidra til å skape eit meir inkluderande lokal-samfunn, der sosiale forskjellar vert utjamna. Tilskotsordninga er særleg mynta på utsette grupper, og barn og unge. Frivillige og ideelle organisasjonar kan søke, og samarbeid med andre organisasjonar vert vektlagt.

Ordninga skal:

- skape inkluderande frivillige møteplassar som fremjar mangfald og integrering
- førebygge mobbing, diskriminering, rasisme og utanforskap
- sette søkelys på haldningar og verdiar når det gjeld særleg utsette grupper
- bygge bro mellom ulike grupper i samfunnet

[Les meir om ordninga her.](#)

### Helsing

Kristine Kapperud

Kultur- og idrettskonsulent Ål kommune

E-post: [kjk@aal.kommune.no](mailto:kjk@aal.kommune.no)

Telefon: 970 44 385

